

# Kva har viltbeiting å seia for gardbrukarane i Bråtå og Nordberg?

Rapport basert på forsøk, befaringar og dialogar med  
gardbrukarar



---

## Innhold

1 Innleiing .....	3
1.1 .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
1.2 Kva som skjer med gras som blir beita ofte .....	3
1.3 Kva for andre problem har gardbrukarar i Bråtå? .....	3
1.3.1 Gjerding .....	3
1.3.2 Ureinheiter i grovfôret .....	4
2 Eigne synspunkt etter befaring .....	4
2.1 Grønfôr og attlegg .....	4
2.2 Bileter av beiteskadar .....	5
3 Avlingsforsøket .....	9
3.1 Tundrali .....	10
3.2 Odden, Myrum .....	10
3.3 Marlosøygarden .....	11
3.4 Kveom .....	11
3.5 Søre Jordet .....	12
3.6 Brandsarøygarden .....	12
3.7 Snitt med diagram .....	13
Konklusjon .....	14

---

## 1 Innleiing

Gardbrukarar i Bråtå har vore misnøgde med mengda vilt i området. Dei synes det er lite motiverande at enga somme stader er beitt heilt nedåt. Det er leggo i graset, trakk og møkk som pregar den hygienske kvaliteten på graset. Vi i NLR har difor vore med for å vurdere skadeomfanget av viltet i grasmarka.

### 1.2 Kva som skjer med gras som blir beita ofte

Grasarten som blir dyrka i største omfang i Bråtå er bladfaks. Både ny og gamal mark inneheld bladfaks då bladfaksen som var på 80-talet heng godt i fortsatt der den får stå i fred. Fersk mark har gjerne noko timotei dei fyrste åra då det er vanleg å så desse i blanding pga. rask etablering av timotei. Begge desse grasartene er strågras. Det vil seie at når det blir slått eller beita så startar veksten oppatt frå rota (basis). Gjenveksten etter avbeiting krev energi som er opplagra i rota. Mengda energi i rota er størst ved skyting, noko som gjer at beiting før denne tid tærer hardt på både bladfaks og timotei. Etter kvart som strågras blir beita vil den botaniske samansetninga i grasmarka forandre seg. Bladfaksen går ut og engrapp, kvitkløver og ugras vil ta over. Engrapp er eitt bladgras som brukar mindre energi på gjenvekst sidan den startar veksten der det blei beita. Ulempa er at denne botanikken ikkje gjev dei store avlingane som vi er vande med av bladfaks.

### 1.3 Kva for andre problem har gardbrukarar i Bråtå?

Saman med beiting har gardbrukarane uttrykt fortvilning overfor andre problemstillingar. Gjerde held ikkje like lengje. Ein del ekstraarbeid med å sjekke straumgjerdet før dyra skal ut om morgonen. Det er avføring i graset som påverkar hygienisk kvalitet. Tiltak mot eting på rundballane, men det er noko som gjeld mange stadar.

#### 1.3.1 Gjerding

Ekstraarbeid med gjerding blir det med mykje vilt. Utskifting av toppbord må gjerast hyppigare. Særleg elg øydelegg gjerdet ved ferdsel over det. Tettare setjing av stolp må til for å styrke. Med snømengda så bør kanskje avstanden vere rundt 2 meter, men med viltferdselen erfarer somme at den bør ned på 1,20. Noko ekstrakostnad vil dette medføre, men mogleg ein kjem att i att med lengre levetid. Tidsforbruket på flikking, utskifting av bord, ettersyn og oppsetting er det verste. Mykje ekstraarbeid er det også i forbindelse med straumgjerde. Kvar morgon når kyrne skal ut må straumgjerdet gåast over for å forsikre seg om at det står etter natta. Ofte så ligg det nede eller har rakna pga. viltferdsel. Noko kostnad blir det ikkje av dette, men nok ein gong så er tid ein begrensa faktor i jordbruket vi har i dag. Dessutan er dette eitt godt irritasjonsmoment, så vel som med permanente øydelagde gjerder, noko som ikkje hjelp på psyken hjå den enkelte bonde.

---

### 1.3.2 Ureinheiter i grovfôret

Viltet fører til ein del ureinheitar som blir med i fôret. Somme stadar er grasmarka opptrakka eller brunstgroper slik at det blir med jord i rundballen eller i siloen. Når jord eller møkk blir med i rundballen er sannsynet for feilgjæring stor. I jord og møkk er det mykje smørsyrebakteriar. Desse vil konkurrere med mjølkesyrebakteriane som vi vil ha i gjæringsprosessen. Smørsyregjæra grovfôr er uheldig ved at sukker blir oppbrukt og protein nedbrote til ammoniakk. Grovfôret blir mindre smakeleg, mindre næringsrikt og fara for sporedannande bakteriar aukar. Sporar frå smørsyrebakteriane vil etter oppformering i rundballen gå ut i fjøsrommet. Når dei fyrst er innkomne så er sannsynet for at dei kjem i mjølka stor. Sporar i mjølk set ned kvaliteten og til slutt kan ein kome i leveringsstopp. For å hindre smørsyregjæring dette kan ein bruke syre i rundballane då denne legg til rette for rett gjæring. Bruke syre på rundball som er nok fortørka er ei ekstra utgift som kunne vore unngått. Kostnaden på dette ligg gjerne på 50-60kr per ball, men ein får eitt betre fôr som er meir sikkert å bruke.

## 2 Eigne synspunkt etter befarings

Eg har vore i Bråtå fleire gongar for å vurdere beiteskadar. Formålet var å få generelle overblikk om korleis viltet pregar grasmarka. Inntrykket mitt er at det blir beitt mykje. Eg har sett mykje grasmark som etter mitt skjønns har fått stått i fred, men andre stader var det heilt skrøpeleg. Gjengangar var at eg såg bøter fordelt utover enga der dei har stått og beitt. Når dei har beitt ned rundt seg flytter dei seg til neste plass og beiter av. Bøtene har ei anna botanisk samansetjing. Engrapp, kvitkløver, løvetann, markrapp eller tunrapp pregar desse bøtene. Desse kjem fort att etter avbeiting og appellerer meir til gjenbeiting seinare. Når tida kjem for slått vil ikkje desse bøtene hevde seg noko godt avlingsmessig då desse artane ikkje er yterike.

### 2.1 Grønfôr og attlegg

Grønfôr og attlegg er dei som har vore hardast ramma etter beiting. Dette er svært smaklege greier. Av dei plassane eg har sett på attlegg og grønfrø har store delar av arealet vore heilt snautt! Attlegg bør på generell basis behandlast varsamt. Beiting i attlegget øydelegg etableringa av kulturplantane og ugras kjem i staden. Det er difor vanleg å så med grønfrø som dekkvekst for å auke konkurransen mot ugras samt at viltet tek grønfrøet i staden for attlegget. Uansett så er avbeita dekkvekst tapt avling det og.

Der det er grønfrø i nærleiken har kanskje ikkje grasmarka elles rundt vorte beitt så mykje. Men grønfrø er arbeidsamt å dyrke og har ein viss kostnad med jordarbeidinga og såfrøet. Med eitt avlingsanslag på tapt avling på 300 FEm/daa til fyrsteslått og ein frøeinheitspris på 3 kr har viltet ete opp avling for 900kr/daa. Dette såg eg på grønfrøet på Marlosøygarden. Der var halvparten av stykket på 5,76 daa heilt snaugnage den 18. august. Der grønfrøet stod antok eg minst 300FEm/daa. 2,88 daa oppete med 900kr/daa vil seie eitt tap på 2592kr på det stykket på det aktuelle tidspunktet. Gardbrukaren ringte ått meg når han hadde pressa 13.sep og det blei 3 rundballar. Ikkje noko avling som grønfrøet er kjend for å stå bak. Ein rundball har gjerne 220 FEm i seg, sjølv om ein bør vega å ta frøprøver for å finne nøyaktig tal, så havna avlinga på 114 FEm i gjennomsnitt. På dette tidspunktet hadde grønfrøet minst hatt ei avling 4-5 gongar så høg om det hadde fått stått i fred. Dette tapet burde etter mi meining gardbrukaren

---

fakturert den som får inntekta i tilveksten på viltet. For han blei det berre eitt stort tap når han reknar på utgiftene på grønfôrdyrkinga.

## 2.2 Bileter av beiteskadar

Her kjem diverse biletar frå befaringar eg har gjort.




*Figur 1 Brandsarøygarden 23.juni. Ser flekker der det har vore beitt. Desse er ljosare og markrappen har kome fram.*



*Figur 2 Det var mykje avføring å finne på Brandsarøygarden*



*Figur 3 Typisk botanikk i ei beitt bot*



*Figur 4 Ei tue med hundegras har fått stått i fred i Brennrædet.*



*Figur 5 Heile Brennrædet såg slik ut den 23.juni. Her har det vore svært mykje beitt av elg. Ser at samtlege blad er kappet etter beiting.*



Figur 6 Snaubeitt grønfôr på Marlosøygarden 18.august. Legg merke til grønfôret i bakgrunn som ikkje har vore beitt.



Figur 7 Fin grønfôråker der den har fått stått på ca. halve skiftet





*Figur 8 Inngjerda bladfaks ruver godt over grasmarka elles i Kveom 23.juni. Ein og annan bladfaksen er å sjå, men ikkje særleg høg.*

### **3 Avlingsforsøket**

I 2022 og 2023 køyrde vi i NLR eitt avlingsforsøk i Bråtå og Nordberg. Hensikta var å sjå om vi fann noko avlingsskilnad mellom beitt og ubeitt areal. Totalt 6 felt vart sett opp der 4 var sett opp i 2022. Det blei sett opp eitt kvadrat med anleggsgjerde. Dei fleste var 3,3m x 3,3 med litt variasjon. Ut i frå måla på gjerda blei det stikka opp eitt tilsvarande kvadrat like ved. Tilkomst, topografi og plantedekke blei vurdert før oppsetjing for å få det mest mogleg representativt. Når gardbrukaren tok slåttten slo vi rutene med motorslåmaskin og veide graset. I begge rutene tok vi ut ca. ein kilo med gras i ein pose som vi veide før og etter nedtørking for å finne tørrstoffprosenten. Avlingane blei etter omrekning til kg TS/daa høge, men erfaringsvis frå forsøksarbeid stemmer det pga. lite svinn og minimalt med jordpakking i dei aktuelle rutene.

---

### 3.1 Tundrali

Feltet blei sett opp våren 2022 hjå Svein Erling. Feltet har i alle slåttane gjeve meiravling på inngjerda rute. I 2023 var størst skilnad med ei differanse på 176- og 219-kg TS/daa.

	Inngjerda	Utanfor gjerde
Fyrsteslått 2022	688,2	680,8
Andreslått 2022	574,7	529,1
Fyrsteslått 2023	1055,9	879,7
Andreslått 2023	755	536

### 3.2 Odden, Myrum

Oppsett våren i 2022 hjå Hans Gjerdet neve elva. Dette feltet har ikkje gjeve noko avlingsskilnad som kan knyttast til beiting. Bortsett frå fyrsteslått i 2022 har feltet gjeve større avling utanfor inngjerdinga. Andreslått i 2022 var differansa oppe i nesten 123 kg TS/daa.

	Inngjerda	Utanfor gjerde
Fyrsteslått 2022	1080,9	1062,6
Andreslått 2022	631	753,8
Fyrsteslått 2023	824,7	900,2
Andreslått 2023	599,6	650,8

### 3.3 Marlosøygarden

Feltet vart oppsett hjå Morten Sygard våren 2022. I etableringsåret var det stor skilnad på avling. Dette året var det beitt ein del rundt feltet. I 2023 gjekk det ikkje mykje elg rundt feltet, men lenger ned på jordet. Andreslåttan dette året var noko større utanfor gjerdet.

	Inngjerda	Utanfor gjerde
Fyrsteslått 2022	885,4	560,8
Andreslått 2022	745	472,6
Fyrsteslått 2023	656,4	649,5
Andreslått 2023	293	373,9

### 3.4 Kveom

Oppsett våren 2022 hjå Tor Håvard Rustad. Fyrsteslåttan vart teken seint den 20.juli i 2022. Når andreslåttan skulle takast var det eitt tragisk syn som møtte meg. Elgen hadde beitt noko voldsomt etter fyrsteslåttan. Jordet var svært opptrakka og nedbeitt. Det var knapt noko avling å sjå, bortsett frå det som var inngjerda. Avlinga var nesten 4,5 gongar så høg der gjerdet stod. Ein del beiting var det også i 2023, med avlingsskilnad på vel 200kg TS på fyrsteslått og nesten 70 på andre.

	Inngjerda	Utanfor gjerde
Fyrsteslått 2022	886,9	792,6
Andreslått 2022	332,4	75
Fyrsteslått 2023	843,4	638,8
Andreslått 2023	441,4	372,1

---

### 3.5 Søre Jordet

Etablert våren 2023 hjå Per Øyvind Ørjasæter på fersk grasmark med mykje timotei. Her var både fyrste og andreslått prega av beiting. Særleg andreslått med ein skilnad på vel 250kg TS.


	Inngjerda	Utanfor gjerde
Fyrsteslått 2023	852,8	722,8
Andreslått 2023	653,2	401,5

### 3.6 Brandsarøygarden


Rune Plassen ville ha eitt forsøk med grønfôr på Brandsarøygarden. Feltet blei etablert vår/sumar i 2023 og registrert ei avling på. Økoblanding med raigras og bygg blei sådd. Elgen har i følgje Rune ikkje gått her noko vidare grunna høgare appetitt på gjenvæksten i grasmarka rundt. Avlingsregistreringa viste heller ikkje noko vidare skilnad.

	Inngjerda	Utanfor gjerde
Slått 2023	549	516,9

### 3.7 Snitt med diagram



Figur 9 Gjennomsnitt av fyrsteslått



Figur 10 Snitt av andreslått

Gjennom forsøksfeltene i 22 og 23 har vi sett avlingsutslag på å gjerde inn grasmarka. Sjølv om det er litt tilfeldig kvar dyra beiter og nokre felt har gjeve motsatt resultat meiner eg vi har eitt greitt bilete av korleis beiting påverkar avlinga. Skilnaden var i snitt 98,5kg TS/daa på fyrsteslått og 95,6 på andreslått. Summert blir det ein skilnad på 194,1.

---

## Konklusjon

Med oppfølginga med gardbrukarane, befaringsane og forsøket bak meg har eg kome fram til ein konklusjon. Gardbrukarane er ikkje tente med å ha så mykje vilt som det er no. Grasmarka blir låkare både i avling og botanisk samansetjing. Den hygieniske kvaliteten på grovfôret blir svekka grunna avføring og brunstgropar. Gjerde held ikkje så lengje som det burde. Etter mi oppfatning går dette hardt utover den psykiske helsa til gardbrukarane. Frå gjennomsnittet i forsøket kan vi kanskje seie graset i snitt hadde ein FEm-verdi på 0,8/kg TS (låg gjerne noko høgare vil eg tru). I snitt var det då 155,2 FEm/daa færre utanfor gjerde enn innafor. Med FEm-pris på 3kr har det i snitt vorte ete fôr for 465kr/daa i følgje tala frå forsøksfelta. For å seie det slik så hjelp ikkje viltbeiting på økonomien til bonden. Eg meiner at viltet gjer så stor skade at tiltak er naudsynt snarast mogleg.

Kjartan Haugen Foss  
Rådgjevar grovfôr

08.11.2023